



Dette er det styre i Uskedal Idrettslag samla til det første møtet sitt saman med tre gruppe-representantar. Haldis Åkra var ikkje til stades. Frå venstre sit Jorunn Myklebust (volleyball), Janne Hjørnevåg (turn), Hilde Bringedal (kasserar), Bjarte Døssland (skrivar) og Marit Stensletten. Frå venstre bak står Gunn Kristin Dagestad, Cathrine Haugland (ski og friidrett), Janne Yri, Michael Røssland (formann) og Bjørn Olav Tveit (nestformann). (Foto: Ola Matti Mathisen).

Michael Røssland er vald til ny formann i Uskedal Idrettslag etter Esben Zimmer. Det siste året har laget hatt 408 medlemmer, men berre 11 av dei møtte på årsmøtet på Solheim Turiststasjon.

Dette er dei andre medlemmene i det nye styret, som hadde sitt første møte på Uskedalen Oppvekstsenter tysdag: Bjørn Olav Tveit (nestformann), Bjarte Døssland (skrivar), Hilde Bringedal (kasserar), Janne Yri, Haldis Åkra, Marit Stensletten og Gunn Kristin Dagestad. Årsmeldinga slog fast at idrettslaget har hatt eit aktivt år der gruppene har halde oppe den gode aktiviteten. Dette er eit godt fungerande idrettslag med ein god sosial profil, vart det streka under i meldinga.

Ho hadde ein ekstra takk til Edvin Kjærland for innsatsen med vedlikehaldet på Heio. Også anleggs- og banenemnda med Frode Myklebust og Egil Myhre vart takka i årsmeldinga for det arbeid dei har utført for laget.

I tillegg til dei pålagte oppgåvene har styret og arbeidsutvalet stilt med parkeringsvakter i Fjellhaugen, arrangert vårlotteri og arrangert sykkelrebus saman med samtlige grupper.

Under årsmøtet vart det vedteke å sjå over organiseringa av styret og dei ulike undergruppene og klarleggja kva som kan gjerast betre.

Noko som skal vurderast er eit framlegg for årsmøtet om oppretting av eigen økonominemnd.

Valnemndas oppgåver vart og drøfta og det vart vedteke at nemnda skal få tak i nye folk til styret medan kvar gruppa skal henta inn nye folk sjølve.

Det kom framlegg om å gje 19.000 kroner i rentepengar som står på låst konto til idrettshallen. Årsmøtet godkjente at pengane blir frigitt for slik bruk, men hallnemnda må komma med eit konkret forslag om kva dei skal bruke pengane til og styret må godkjenne dette.

Det var ellers semje om å inngå eit samarbeid med Aktivitetets Damevenner om festarrangement.

Av Ola Matti Mathisen

← [Tilbake](#)